



Slik ser det ut ved porten til barnehagen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er vanskar med å handtere og kontrollere bosset i skulen og barnehagen, opplyser Møyfrid Kristoffersen. Ho er bestemor og leverer og hentar barn i barnehagen. Ho har observert dette sidan ho starta med køyringa av barn for 3 år sidan.

Ho har riktignok også sett at skulebarna er flinke og hjelper til med å plukke opp igjen boss som bles eller fell ut av containarane. Men dette er ei utaknemlig oppgåve då dette igjen og igjen fyk utover.

Kristoffersen fortel at det måndag såg svært ille ut igjen. Bosset, som var papirboss for det meste, låg strødd rundt containarane, hang i gjerdet eller det hadde foke langt avgarde.

- Slike omgjevningar er ikkje noko å by den oppveksande slekta vår. Dei er 'næraste' naboar til bosset og vi lærar dei at sånn skal det vere - at dette er greit. Barna lærer det sikkert ikkje med ord men ved oss vaksne si handling.

Som vi alle veit er det handling som i størst grad tel for koleis barn lærer, påpeikar Møyfrid, som synes dette er trist og ber om at kommunen ordnar opp.

Til dømes kan containarane byggast inn slik at vinden ikkje får tak i dei - slik det tildels er gjort på ein del boss-samleplassar på Husnes og sikkert også på andre plassar,

Av Ola Matti Mathisen